



Raymond Haukås Vabø
Seimsstranda 205
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4671 - 14/14100

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
13.06.2014

Utsleppsløyve - 2 frådelt bustadtomtar - gbnr 173/94,95 - Rydland.

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Raymond Haukås Vabø

Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknaden om utsleppsløyve for 2 frådelt bustadtomtar, gbnr 173/94 og 95. Søknaden vart send inn i samband med søknad om frådeling, men har lagt i ventearkiv i påvente av avklaring av dispensasjonssøknaden. Det vart gitt løyve til dipensasjon og frådeling i møte i Plan- og miljøutvalet 05.03.2014 saknr. 21/14.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 10 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 26.04.2013.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 21.05.2012., jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

Nabovarsel

Søknaden er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Plan:



Det er gitt dispensasjon for oppføring og deling av bustadtomtane i møte i plan- og miljøutvalet 05.03.2014 sak 21/14. Det vert vurdert at vedtaket også omfattar etablering av avlaupsanlegg for eigedomane slik det er søkt om.

Privatrettslege tilhøve

Tiltaket skal plasserast på frådelt tomt med bnr. 94. Dersom anlegget, inkludert leidningar, berører anna privat eigedomen må det leggjast fram erklæring med løyve før det kan gjevast løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1

VURDERING

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen sin vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 21.05.2014.

Reinsekrav

Omsøkte anlegg har tilfredsstillande reinseffekt. Anlegget stettar krav ihht NS-EN 12566-3.

Drift og vedlikehald

Det ligg ikkje føre avtale om drift og vedlikehald av anlegget. Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Oppsummering:

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre.

Tiltaket er søknadsploktig etter plan- og bygningslova § 20-1. Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det liggja føre naudsynt byggjeløyve.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for to bustadtomtar, 10 pe, i samsvar med søknad mottatt 26.04.2013 og på følgjande vilkår:

- 1. Avlaupet skal reinsast i minireinseanlegg av typen Biovac, slik det er søkt om, før utsleppet vert ført til eksisterande jordbruksgrøft.**
- 2. Det skal dokumenterast skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale før det vert gjeve bruksløyve/ferdigattest.**
- 3. Det må sendast inn koordinatar for plassering av avlaupsanlegget før bruksløyve/ferdigattest vert gjeve.**
- 4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**
- 5. Private avtalar som sikrar rett til å leggja anlegg og leidningar, føre avlaupet frå anlegget over privat eigedom m.m. må liggja føre før det vert gjeve løyve til tiltak etter pbl § 20-1.**
- 6. Etablering av avlaupsanlegget er eit søknadsploktig tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1. Naudsynt løyve til tiltak må liggja føre før etablering av anlegget kan skje.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utslepp < 50 pe	1	Kr 5 300,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 300,-

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4671.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Raymond Haukås Vabø

Seimsstranda 205 5912

SEIM